Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18.
Tilleggsspørsmålnr.
Emne: Joletre og jolehalm.
Oppskr. av: Johni T. Halsnö
(adresse): Skartveit

Fylke: Rogaland
Herad: Fister
Bygdelag: Halsnöy
Gard: Halsne
G.nr. 22 Br.nr. 6.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Sp. 1. Ja no tildags er joletre ålment.

" 2. Det fyrste joletre var her på Halsnöy i 1884 på skulehuset kosta av lararen for skuleborni.

" 3. Her var som nemnt det fyrste på skulehuset. Elles var det ymse i krinsane rundt. No er det årleg for heimar, skular å ungdomslag på skulehusi, ungdomshus eller bedehus.

" 4. Ja det høver, med gran, grønt fjellaur å helst kristtorn over malerier, bilder, speil o. l.

" 5 Ja der er som regel ikkje unnatak for det.

" 6. Frå 3-5 m. til fistar, vel 1 m. i heim med born å rundt 0.5 m. i heim med kun voksne.

" 7. Med nasjonale flagg, stor stjerna på toppen å andre blenkjande ting t. d. fuglar o. a. attåt bomull i små dottar på bukarne med fleirfarga joleljos Alt så der er høve til

" 8. Helst mor eller vokne jenter med hjelp av borni som gjerne vil hjelpas til.

4491

Emne nr. 18 — II

Sgm. 9. I dei heimar der ikkje er born står treet på eit bord, elles fritt på golvet.

" 10. Som regel ~~om~~ joleaftanskvellen, å elles om huslyden har joleselskap.

" 11. Både vaksne å born – helst borni – går rundt jolatre å syng dei gamle å nyare jolesongar, å tildels sarleg da på festar nasjonalsongar.

" 12. Som regel til over helleg trekongersdag (trettendedagjol)

" 13. Fyrst ein bruka å ha jolatre hengde ein ymse jolegotter, eple, apelsiner å helst sukkertøi av ymse skapnad – å du det skjein i augo på borni dette i dei dagar, dei fekk ikkje mykje slikkarier ~~da~~ den tid – å då fekk som oftast borni hausta tre, men no er dette helst slutt med.

" 14. No brukast vanlegvis gran, men for umlag 10 år attende var det furu, å i mangel av den ein brakabusk (einerbusk).

" 15. Slikt veit eg ikkje av har vore bruka her.

" 16. Nei, jolenegel hengjer ein upp i eit tuntre.

~~17~~ 1 — 4 Nei noke slik om halm veit eg ikkje av eller har høyrt segn om vore brukt i slikt høve her.

4491

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING